

## Messen del 13

### Heilage bilete



På bedehuset der eg fyrst hørde kristen forkyning, var eit bilete av Jesus som står for døra og bankar. Søndagsskulen visualiserte bibelforteljingar med flanellograf. I kyrkja der eg vart konfirmert var heile bibelhistoria framstilt i tre-utskjeringar. Men alt dette var og er og blir illustrasjonar.

Anleis er det med ikonane som voks fram i Oldkyrkja. Kjærleiken til ikonane var resultat av grundig teologisk arbeid og intense konflikter. Frontane stod til tider steilt imot kvarandre mellom ikonodular (dei som ærar ikonane) og ikonoklastar (dei som øydelegg bileta). Desse siste var grovt sett ei gruppe intellektuelle og keisarar som hevda eit strengt biletforbod og meinte at ikonar var ei fornærming mot Guds herlegdom og majestet. Gud er transendent og kan eigentleg ikkje målast, hevda dei.

Anleis med dei fromme, med talsmenn som munkane Johannes av Damaskus og Theodor Studiten. Deira tanke var at Gud er blitt menneske, og sidan Kristus alltid vil vere Menneskesonen og aldri opphøre å vere den inkarnerte, er det både rett og nødvendig å måle bilete av han. Kristus kom til sine egne og vart oss lik utan å oppgi sin guddomelege status. Som Gud kan han ikkje avgrensast av tid og rom, men han har blitt materie, dvs. kjøtt, og skammar seg ikkje over det, skriv Theodor.

Det er i den ortodokse tradisjon at ikonane mest har fått kome til sin rett. Ikonane har sin plass både i kristne heimar og i kyrkja. I ein heim heng ikonar der ein samlast til bøn.




Ortodokse kyrkjer har gjerne eit rikt ikon-program (ikonostas) der all plassering har ei meining. Dei fleste ikonane er her plasserte i avskjerminga (veggen) mellom altarromet og kyrkjeskippet.

Kristen teologi har eit hovudfundament i trua på inkarnasjonen, dvs. at Gud vart menneske. Dette har evangelistane fortalt om med skrivne ord i evangelia. Det same vil ikonmålarane fortelje gjennom bileta. Ikonane er forkynning for auga.

Eit særtrekk ved ikonane er at dei er berarar av sokalla omvendt perspektiv. Dvs at perspektivlinja i biletet møtest ikkje langt bak i horisonten, men linja går frå biletet til den som ser det. Ein får inntrykk av ikonet ser meg og ikkje omvendt. Slik vert grunnlaget lagt for ein spesiell fellesskap mellom biletet og den som ser det. Vi møtest i bøn og meditasjon.

Dette gjer det naturleg for den truande å vise biletet ære, gjerne kysse det, tenne lys ved det, bøye seg for det og be saman med det.



Slik er desse bileta meir enn illustrasjonar, aldri pynte- eller kunstgjenstandar. Dei representerer eit levande nærver av dei heilage.

Dei mest sentrale ikonmotiva er knytte til Kristus: Kristus Allherskaren, Kristus som velsignar, Kristi ansikt og forteljingar frå Jesu liv. Dinst ikonar av Maria Guds mor, av apostlar og englar, av helgenar og av kyrkjelege festdagar.

Den som går ikonane i møte, går dei heilage i møte. Dei vil inkludere oss i bønefellesskap, rettleie oss og føre oss til Gud. Der menneske og ikonar møtast, tek gudsteneste til.

Ottar Mikael Myrseth